

Til alle kommunane/herad i Hordaland via CIM

Øvingsmål: Teste kommunal kriseforståing og beredskapsevne

Oppgåver som kommunen/heradet skal diskutere og oppsummere i rapport til Fylkesmannen i Hordaland:

1. Gjer greie for ansvar, fullmakter, roller og oppgåver knytt til kommunens/heradets heilskaplege arbeid med beredskap og krisehandtering.

Sjå beredskapspermen kap. 5 – revidert dokument av 07.05.18.

2. Kven og korleis varslar og mobiliserer kommunen/heradet?

Sjå beredskapsperm kap. 5.

3. Korleis er kommunens/heradets folk sett i stand til å handtere kriseleiing?

Gjennom øving i KKL. Ordinære kommunale delegasjonar og fullmakter gjeld.

4. Korleis fungerer kommunen/heradet under ferieavvikling og drift i fleire døger?

Ansvar er delegert ved fråvær og ferie og vara deltek, jfr. kap. 5.3 i beredskapspermen.

5. Kor mange personar treng kommunen/heradet for å handtere dei kommunale oppgåvene knytt til denne hendinga på forsvarleg vis?

KKL tek utgangspunkt i dei ressursane ein treng og set i verk tiltak ut frå aktuell hending i samarbeid med aktuelle samarbeidsinstansar.

6. Er vara førebudd?

Ja, vara er varsla samstundes som KKL.

7. Kva aktørar BØR kommunen/heradet samarbeide med?

Innsatsstyrker: **Politi, Brann/redning, Sivilforsvar, Spesialisthelsetenesta, Interkommunal legevakt**

Aktørar med fag- og sektormynde er: **Rederi**

Andre beredskapsaktørar: **Fylkesmannen, HRL, Røde kors/lokale aktørar, nabokommunar**

<p>8. Kva KAN kommunen/heradet bidra med?</p> <p>Mottak, helsehjelp, innkvartering, forsyning, frivillige, lokal kunnskap/informasjon. Liste over tilgjengelege ressursar.</p>
<p>9. Kva SKAL kommunen/heradet bidra med?</p> <p>Bistå med tilgjengeleg kapasitet og personell. Helsehjelp, innkvartering, forsyning, bistå med relevant informasjon.</p>
<p>10. Kva oppgåver har kommunen/heradet ikkje eit ansvar for?</p> <p>Samordningsoppgåver mellom eksterne etatar og skadestadsleiing.</p>
<p>11. Kva læringspunkt sit kommunen att med, og korleis vil dei jobbe vidare med desse læringspunkta?</p> <p>Vi er sårbare ved vedvarande hendingar på grunn av liten organisasjon, men akutt mobilisering gjekk som planlagt.</p> <p>Skal vi nytte dsb-cim som verktøy treng vi opplæring. Beslutning vert tatt inn mot Alver kommune, i eige pågåande prosjekt.</p>

I tillegg ønskjer Fylkesmannen i Hordaland at kommunen tilbakemelding på om kommunen allereie / tidlegare har vurdert brann i cruisebåt som eit scenario?

Nei, men større hendingar er omtalt/vurdert i ROS- analysen for Meland kommune 2012-2013.